ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Anja Bertelsen | Anne Lise Molvik | 17.09.2020 |
| Vår: 20/889 - 20/58371 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve for ombygging og utviding av butikklokale- gbnr 108/612 Lindås

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 965/20** |
| **Tiltakshavar:** | Lindås Senterbygg AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Tippetue Arkitekter AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for ombygging og utviding av butikklokale på 108/612 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket:**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 01.11.2020.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 17.03.2020 og 11.06.2020.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

- Ferdig ståltak isolasjon uke 38
- Port montering sarnafiltak, bad/kjøkken uke 37
- Glasskonstruksjoner og fasadekledning, montering uke 37
- Fliser gulv, ferdig uke 37
- Avfallsplan leverast ved ferdigattest

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Dokumentasjon av uavhengig kontroll for våtrom og lufttettleik vert levert ved ferdigattest

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til 01.11.2020.

Det vert elles vist til søknad mottatt 15.09.2020.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | |
| Bygningstiltak: | Utviding og ombygging av butikklokale |
| Bygningsnummer: | 12497172<br>(Bygning som skal utvidast har gbnr 108/615, utviding vert etablert på torg på gbnr 108/612. |
| Bruksareal: | Ca 52 m$^2$<br>Bygget vert elles utvida på areal avsett til torg i eksisterande bygg. |
| Avløp: | Offentleg |
| Vatn: | Offentleg |
| Tal på røykløp: | 0 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/889

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Anne Lise Molvik |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lindås Senterbygg AS | Skuteviksbodene 22 | 5035 | BERGEN |
| Lindås Senterbygg AS | Skuteviksbodene 22 | 5035 | BERGEN |
| Tippetue Arkitekter AS | Sandviksbodene 5 | 5035 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tippetue Arkitekter AS | Sandviksbodene 5 | 5035 | BERGEN |